# Øygarden brann og redning IKS

**Styret**
Møteprotokoll

| **MEDLEM** | | | |
|---|---|---|---|
| **Namn** | **Rolle** | **Representerer** | **Merknad** |
| Per Rune Eikeseth | styreleiar | Sund kommune | |
| Olav Martin Vik | nestleiar | Øygarden kommune | |
| Silvia Haugland | medlem | Øygarden kommune | |
| Nina Glesnes | medlem | Sund kommune | |
| Elna Nybakk | medlem | Fjell kommune | Forfall (vara ikkje innkalt) |
| Sveinung Vethe | medlem | Fjell kommune | |
| Jørgen Kausland | medlem | Tilsette | Forfall |
| Eirik Monssen | Observatør | Tilsette | Medlem for Jørgen Kausland |
| **VARAMEDLEM** | | | |
| Jarl Martin Hestad | varamedlem | Møter som observatør for Eirik Monssen | |
| **ANDRE** | | | |
| Bjørn Olav Paulsen | brann- og redningssjef | | |
| Nils Anders Mæland | varabrannsjef | | |
| **Dato:** | 19.04.2018 | | |
| **Tid:** | 1500-1530 | | |
| **Stad:** | *Hydranten,* Ågotnes brannstasjon | | |

Per Rune Eikeseth
styreleiar

Olav Martin Vik
nestleiar

Nina Glesnes
styremedlem

Silvia Haugland
styremedlem

Sveinung Vethe
styremedlem

Eirik Monssen
varamedlem

| Saker til behandling | |
|---|---|
| | Orienteringssaker |
| S19/2018 | Godkjenning av innkalling og saksliste møte 19.04.2018 |
| S20/2018 | Godkjenning av møteprotokoll 19.03.2018 |
| S21/2018 | Endring av selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS |
| | Eventuelt |

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 19.04.2018 | S19/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Innkalling og saksliste for møte 19.04.2018**

Trykte vedlegg: Ingen

**Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 19.04.2018.**
**Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 19.04.2018 slik den ligg føre.**

Brann- og redningsjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

**Vedtak**
Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.
**Samrøystes vedteken**

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 19.04.2018 | S20/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.03.2018**

Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 19.03.2018

**Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 19.03.2018. Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret godkjenner møteprotokollen for møte 19.03.2018 slik den ligg føre.

**Vedtak**
Styret godkjenner møteprotokollen for møte 19.03.2018 slik den ligg føre.
**Samrøystes vedteken**

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 19.04.2018 | S21/2018 | Bjørn Olav Paulsen |
| Representantskapet | 24.04.2018 | R05/2018 | Som over |

**Endring av selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS**

Trykte vedlegg: Erklæring om verdifastsetting frå Deloitte AS (vert ettersendt)

**Saka gjeld endring av § 7 Innskotsplikt, i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS. Brønnøysundregistra (BRREG) krev verdifastsetting av tinginnskot og kapitalinnskot i selskapsavtalen § 7. Brann- og redningssjefen rår styret til å gå inn for endringane i selskapsavtalen, slik den ligg føre.**

**Oppsummering**
§ 7 i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS vert endra som følgjer

| Eksisterande tekst i § 7 Innskotsplikt | Forslag til ny tekst i § 7 Innskotsplikt |
|---|---|
| Kvar av eigarkommunane tek med inn i selskapet utstyr, inventar, dataprogram, materiell, kjøretøy og liknande som kvar kommune er eigar av /disponerer på tidspunktet denne avtalen trer i kraft (tingsinnskot).<br><br>Sund og Fjell kommune tek med seg inn i selskapet drifts- og investeringsfond i Sotra Brannvern IKS basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016 (kapitalinnskot). Øygarden kommune skyter inn midlar til drifts- og investeringsfondet i det nye selskapet. Øygarden kommune sitt innskot er 18 % av drifts- og investeringsfondet i Sotra Brannvern IKS, basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016.<br><br>Utover det som kjem fram av denne avtalen har ikkje eigarkommunane plikt til å gje andre ytingar enn det som går fram av budsjettet. | Kvar av eigarkommunane tek med inn i selskapet utstyr, inventar, dataprogram, materiell, kjøretøy og liknande som kvar kommune er eigar av /disponerer på tidspunktet denne avtalen trer i kraft (tingsinnskot). Fordelt som følgjer:<br>- Fjell kommune kr 4 307 000<br>- Sund kommune kr 1 215 000<br>- Øygarden kommune kr 3 345 000<br><br>Sund og Fjell kommune tek med seg inn i selskapet drifts- og investeringsfond i Sotra Brannvern IKS basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016 (kapitalinnskot). Øygarden kommune skyter inn midlar til drifts- og investeringsfondet i det nye selskapet. Øygarden kommune sitt innskot er 18 % av drifts- og investeringsfondet i Sotra Brannvern IKS, basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016. Fastsett til stort kr 545 000.<br><br>Utover det som kjem fram av denne avtalen har ikkje eigarkommunane plikt til å gje andre ytingar enn det som går fram av budsjettet. |

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret rår Representantskapet til å rå kommunestyra om å godkjenne endringane i § 7 Innskotsplikt i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS, slik dei kjem fram i Oppsummeringa.

**Vedtak**
Styret rår Representantskapet til å rå kommunestyra om å godkjenne endringane i § 7 Innskotsplikt i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS, slik dei kjem fram i Oppsummeringa.
**Samrøystes vedteken**